

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.04.2020

## Friluftslivets ferdsselsårer

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 450.000 kroner fordelt slik:

Søkn. Nr.	Søkjær	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Ullensvang kommune	Friluftslivets ferdsselsårer	60 000
2	Etne kommune	Friluftslivets ferdsselsårer	60 000
3	Voss kommune	Friluftslivets ferdsselsårer	30 000
4	Kinn kommune	Friluftslivets ferdsselsårer	120 000
5	Vik Kommune	Friluftslivets ferdsselsårer	60 000
6	Solund kommune	Friluftslivets ferdsselsårer	60 000
7	Aurland kommune	Friluftslivets ferdsselsårer	60 000
8	Børnlo Turlag	Skilting og merking av turløyper	0
9	Fyllingsdalen frivillighetssentral	Løvstakken rundt	0
Totalt			450 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkerar for grunngjeving av vedtaket.

2. Kr 1 124 000 vert avsett til fordeling til plan for friluftslivet ferdsselsårer hausten 2020.

3. Inntil kr 300.000 vert avsett til fylkeskommunal eigendel i ein søknad til Kartverket om midlar til *Universell utforming - Prosjektmidler til kartlegging og oppdatering i 2020*.

## Samandrag

I regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv (2018) vert det lagt til rette for eit nasjonalt prosjekt 2019-2023 for å identifisere, ivareta, utvikle og legge til rette friluftslivets ferdsselsårer gjennom ein eigen plan i kvar kommune. Målet for prosjektet er fleire ut på tur, at befolkninga utøver friluftsliv jamleg, auke tilgjengelegeleita for å utøve friluftsliv og få flest mogleg kommunar til å utarbeide planar for friluftslivets ferdsselsårer for å systematisere dette arbeidet. Plan for friluftslivets ferdsselsårer er ei vidareføring av arbeidet kommunane har gjort med kartlegging og verdisetting av

friluftsområde og det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking og gradering av turløyper.

Prosjektet friluftslivets ferdsselsårer er forankra i [Anleggspolitikk for Vestland fylkeskommune 2020-2024](#) (vedteken av fellesnemnda i juni 2019), og er tiltak 13 i handlingsprogrammet. Arbeidet er finansiert av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar.

Tilskotsordninga til [Kartverket til Universell utforming - Prosjektmidler til kartlegging og oppdatering i 2020](#), kan gje midlar som kan sysselsette ressurspersonar i turlaga og friluftsråda som no er permittert heilt eller delvis. Fylkeskommunen vil, i samarbeid med dei 2 turlaga og dei 3 friluftsråda, sende søknad til Kartverket innan fristen 24. april.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef idrett og friluftsliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg:  
Oversikt over tildelinga med grunngjeving  
Rapport, Friluftslivets ferdsselsårer

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune si rolle i prosjektet er koordinering regionalt, rekruttere og motivere kommunar til igangsetting, følgje opp enkeltkommunar med rettleiing, legge til rette for erfaringsutveksling og opprette ei regional rådgjevande gruppe for å sikre tverrfagleg arbeid i prosjektet (m.a. dei regionale friluftsorganisasjonane). Vestland fylkeskommune har inngått ein samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd som gjeld ut 2023. I avtalen skal friluftsrådet tilby kommunane i Vestland fagleg bistand til å få gjennomført prosjektet. Kommunane får tilbod om bidrag til lokal prosjektleiar for å følgje rettleiar M-1292, og digitalisering av innsamla data. Arbeidet er starta opp i 9 kommunar og fylkeskommunen deltek i ei nasjonal rådgjevande gruppe for arbeidet. 21. januar vart det arrangert oppstartsmøte for dei 9 kommunane saman med Miljødirektoratet, Vestland fylkeskommune, Kartverket og Bergen og Omland friluftsråd.

Frist for å söke Miljødirektoratet om 50% statleg medfinansiering var 1. mars 2020. Den nasjonale ramma for ordninga er kr 6 mill. Fylkesrådmannen sökte om kr 925 000 og sette av tilsvarende sum til eigendel i söknaden om statlege midlar. I brev av 17. mars 2020 fekk Vestland fylkeskommune tildelt kr 695 000 frå Miljødirektoratet til arbeid med friluftslivets ferdsselsårer. Desse midlane skal nyttast til prosjektleiing, nettverkssamlingar, reisekostnadar og prosjektmidlar til kommunane. Det er (som i 2019 i Hordaland fylkeskommune) lagt opp til ein ny söknadsrunde i Vestland med söknadsfrist 1. oktober 2020.

Fylkesmenn, fylkeskommunar og kommunar kan söke tilskot frå Kartverket til kartlegging av tilgjengeleight og oppdatering av elde data i uteområde. DNT, Friluftsråd og interesseorganisasjonar som etablerer eit samarbeid med kommune- eller fylkesforvaltinga kan også söke om midlar. Målet med tiltaket er å bidra til at fylka og kommunane skal vere i stand til å utvikle og forvalte arbeidet med universell utforming på ein god og varig måte. Kartlegginga gir eit godt grunnlag for dette.

I eit møte med friluftsorganisasjonane 2. april vart det semje om at Vestland fylkeskommune skal sende ein samlesöknad på vegne av alle aktørane. Dei har frist på å gi innspel på aktuelle tema, område og ressurspersonar 17. april. Söknadsfrist er 24. april 2020, og ein får svar på söknaden innan 5. mai.

### Føremål med ordninga

I regjerings sin handlingsplan for friluftsliv (2018) vert det lagt til rette for eit nasjonalt prosjekt i perioden 2019-2023 for å identifisere, ivareta, utvikle og tilrettelegging av friluftslivets ferdsselsårer gjennom ein eigen plan i kvar kommune.

Arbeidet med plan for friluftslivets ferdsselsårer skal auke kunnskapsgrunnlaget om dei ferdsselsårene kommunane har, kva behov dei dekker og korleis dei kan utviklast for å skape meir aktivitet. Det er utvikla ein rettleiar frå Miljødirektoratet, plan for friluftslivets ferdsselsårer (M-1292), for å få ein systematisk og metodisk tilnærming til arbeidet. Arbeidsprosessen har 4 steg:

- Steg 1: Oppstart - forankring/vedtak, utarbeide prosjektplan og etablere prosjektgruppe og annonsering
- Steg 2: Kartlegge nå-status - ferdsselsårer, turruter og målpunkt, supplere kartlegging ved involvering av eksterne, registrere trasear og målpunkt relevant for arbeidet og innhente anna relevant informasjon.
- Steg 3: Kvalitetssikre mål, foreslå tiltak, prioritere
- Steg 4: Samanstille planen, høyring og vedtak.

#### Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2020:

Budsjett 2020 Vestland fylkeskommune: Kr 1 179 000  
Tildelt frå Miljødirektoratet til vidare fordeling: Kr 695 000

Söknadsfrist 2020:

15. februar

Vedtak kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering 2.12.2019 PS 07/19
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">retningslinjer for ordninga</a>
<b>Vår 2020</b>	
Tal på søknadar:	Tal søker 9
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	Tal søker 7
Samla søknadssum:	Sum kr 569 406
Samla løvning:	Sum kr 450 000
Midlar att til fordeling haust 2020	Sum kr 1 124 000

### Absolutive kriteria

- Midlane skal gå til at kvar kommune skal utvikle ein heilskapleg plan for friluftslivets ferdsselsårer i tråd med rettleiar M-1292.
- Kun kommunar kan søkje.
- Fylkeskommunalt og statleg tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil 300 kroner per time).
- Det blir ikkje løvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til drift av anlegg.

### Vurderingskriteria

- Samarbeid med frivillige organisasjonar.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. I tillegg har Miljødirektoratet løvd midlar til arbeidet.

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Naturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

### Konklusjon

Fylkesdirektør foreslår at forslag til vedtak vert fulgt, for å sikre god vidareføring av arbeidet kommunane har gjort med kartlegging og verdisetting av friluftsområde og det nasjonale turiskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking og gradering av turløyper.

Ved å setje av inntil kr 300.000 til fylkeskommunal eigendel i ein søknad til Kartverket om midlar til *Universell utforming - Prosjektmidler til kartlegging og oppdatering i 2020*, vil ein kunne avhjelpe situasjonen i samband med koronakrisa hjå dei regionale friluftsorganisasjonane i Vestland.